

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 7. april 2020
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Per Karlsen
SAKA GJELD: **INFORMASJON TIL STYRET OM ETABLERING AV FELLES INNKJØP OG FORSYNING I SAMBAND MED COVID-19**

ARKIVSAK: 2020/321
STYRESAK: 051/20

STYREMØTE: 15.04. 2020

Administrerende direktør si orientering pkt. 6

I samband med COVID-19 pandemien har Helse Vest etablert ei løysing for felles innkjøp og forsyning av varer som det er særskilt viktig å ha tilgang på.

Løysinga har fire element

1. felles innkjøp av smittevernutstyr i regionen
2. fordeling og distribusjon av felles innkjøpt smittevernutstyr
3. fordeling og distribusjon av nasjonalt anskaffa forsyningar,
4. fordeling og distribusjon av forsyning av nasjonalt anskaffa smittevernutstyr til kommunar.

Felles innkjøp av smittevernutstyr i regionen

Det er svært utfordrande å få kjøpt inn naudsynt smittevernutstyr, men sjukehusa forsøker å kjøpe inn det som det er råd å få tak på gjennom ulike kanalar. Det smittevernutstyret som blir kjøpt inn felles i regionen følgjer ein prosedyre der leverandørar blir kontrollert som leverandør av Sykehusinnkjøp HF. Dersom denne kontrollen er ok så blir leverandøren sine produkt sjekka i høve til om produkta kan brukast i sjukehus smittevernagleg. Dersom dette er ok så går ein vidare til bestilling til felles regionalt forsyning. I og med at smittevernutstyr som er nasjonalt anskaffa ikkje blir fakturert HFa så legg Helse Vest RHF opp til at heller ikkje utstyret som er anskaffa felles blir fakturer til HFa, men at kostnadane blir dekkja av Helse Vest.

Fordeling og distribusjon av felles innkjøpt smittevernutstyr

Innkjøp av smittevernutstyr skjer normalt av HFa sjølve. Dette har blitt tiltakande vanskeleg og Helse Vest RHF har derfor i samarbeid med Helse Bergen HF og BRING etablert ei lager og forsyningsløyising for det utstyret som er anskaffa felles i regionen og som er motteke som donasjonar frå næringslivet. Kostnadane med denne lager og forsyningsløyisinga blir dekkja av Helse Vest.

Fordeling og distribusjon av nasjonalt anskaffa forsyningar

Sykehusinnkjøp HF og Helse Sørøst RHF har som oppgåve å kjøpe inn smittevernutstyr felles til spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta. Så langt har Helse Vest fått tildelt det utstyret som er tildelt spesialisthelsetenesta etter vår del av folketalet i landet. Helse Vest har så langt gjort tilsvarende fordeling av det utstyret vi har fått frå nasjonalt lager basert på folketal i HFa sine opptaksområde.

Fordeling og distribusjon av forsyning av nasjonalt anskaffa smittevernutstyr til kommunar

Primærhelsetenesta får og tildelt smittevernutstyr av det som blir anskaffa nasjonalt. Så langt er 20% av smittevernutstyret frå det nasjonale lageret tildelt til kommunane. Helse Vest står for denne distribusjonen etter fordelingsliste som skal vere omforent mellom kommunane, HF og Fylkesmannen. Fylkesmannen har avgjerdsmynde når det gjeld denne fordelinga.

COVID-19 pandemien ser ut til å bli langvarig. Derfor vil det bli behov for vidare utvikling av forsyningsområdet framover. Det er særleg fire område ein vil arbeide systematisk med. Det kan komme fleire områder etter kvart.

1. Smittevernutstyr og desinfeksjon
2. Test
3. Intensivutstyr – forbruksutstyr
4. Legemiddel

På kvart av disse områda vil Helse Vest arbeide saman med våre HF og Sykehusinnkjøp for å fortløpande få vurdert lagerstatus, prognosar for behov, evaluere forbruk, ta stilling til ulike produkt og kva grad vi skal kjøpa disse. Ein slik organisering vil bety både omrokking av medarbeiare og behov for å leige inn kapasitet i den tida vi arbeider med å handtere COVID-19 pandemien.

Alt ovanståande er etablert på kort tid, og vi vil framover få samla inn informasjon om kostnader ved denne felles innkjøp og forsyningsløyisinga i samband med COVID-19

pandemien. Dette vil og gi verdifulle erfaringar som vil komme til nytte i det vidare arbeidet med effektive og gode innkjøps- og forsyningsløyser i føretaksgruppa.